



**Notat**

Dato: 24.11.2015  
Arkivsak: 2015/11723-2  
Saksbehandlar: jonenge

---

|             |   |
|-------------|---|
| <b>Til:</b> | Rogaland fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Norges Forskningsråd |
| <b>Frå:</b> | Valkomiteen for styre i Regionalt forskingsfond Vestland for perioden 2016-19                         |

---

## **Innstilling til samansetting av styre i Regionalt forskingsfond Vestlandet for perioden 2016-2019**

Fondsstyret sitt arbeid er regulert av retningsliner for regionale forskingsfond fastsett av Kunnskapsdepartementet. Dei seier m.a. følgjande:

*Deltakerfylkene oppretter et felles fondsstyre, som også har statlige representanter, etter kommunelovens § 28c om vertskommunesamarbeid med felles folkevalgt nemnd. Det forutsettes at vertsfylket oppnevner statens representanter.*

*Fondsstyrets ansvar reguleres i et eget mandat for fondsstyrer for regionale forskningsfond. Regionalt forskningsfond Vestlandet skal ha et styre bestående av 8 medlemmer. Hvert deltakerfylke oppnevner 2 styremedlemmer som til sammen skal utgjøre flertallet i styret. Forskningsrådet på vegne av staten innstiller et mindretall bestående av 2 medlemmer som oppnevnes av vertsfylket.*

Vedteken avtale mellom dei tre fylkeskommunane om forvaltninga av Regionalt forskingsfond Vestlandet gir føringer for samansettinga av fondsstyret.

### *Sammensetning av styret*

*De 6 fylkeskommunale representantene i styret blir de tre fylkesordførerne og en ”fagperson” fra hvert fylke. Fagpersonene rekrutteres fra næringslivet, offentlig sektor eller fra forskningsmiljøene*

### *Styreleder*

*Styreleder Styreledervervet skal rullere mellom fylkesordfører i Rogaland og Sogn og Fjordane. Styreleder oppnevnes for 2 år om gangen. Fylkesordfører i Rogaland tar på seg styreledervervet etter fylkestingsvalget i 2015. Fylkesordfører i Hordaland er styrets nestleder.*

### *Valgperiode og oppnevning*

*Valgperioden for fondsstyret skal følge fylkestingsperioden.*

*Formelt må styresammensetning håndteres i den felles valgkomiteen som blir opprettet.*

### *Valgkomité*

*Det nedsettes en egen valgkomité med et medlem fra hvert deltakerfylke og et medlem fra*

*Staten. Forskningsrådet deltar i valgkomiteen på vegne av Staten. Valgkomiteen fremmer forslag til partene om styremedlemmer og varamedlemmer. Valgkomiteen drøfter fra hvilket fylke de to statlige styremedlemmene bør komme fra. Partene forplikter seg til å følge valgkomiteens innstilling.*

## Valkomiteen

Valkomiteen har bestått av:

Bård Sandal, Hordaland fylkeskommune  
 Jan Heggheim, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
 Norvald Skretting, Rogaland fylkeskommune  
 Atle Markussen, Noregs Forskningsråd - Staten

Grunna at Hordaland har ansvar for sekretariatsfunksjonen, og dermed også for å få fram ei innstilling, har Bård Sandal leia arbeidet i valkomiteen. Jone Engelsvold, Hordaland fylkeskommune, har vore sekretær for arbeidet.

Valkomiteen har hatt eit fysisk møte, elles har kommunikasjonen føregått per e post og telefon.

## Kriterium for val av styremedlem

Valkomiteen har lagt vekt på følgjande kriterium:

- Styret må ha kvalifiserte personar med interesse for forsking både frå næringsliv, offentleg forvalting og forsking. Ettersom krav til forskingskvalitet blir sikra gjennom sekretariatet og gjennom ekspertpanel, er det særleg viktig å dekkje bestillarsida for forsking, dvs. næringsliv og offentleg forvalting.
- Styret si samansetting må reflektere forskingsfondet sine prioriterte område.
- Det er krav til kjønnsbalanse i styret.
- Kontinuitet i styret, under føresetnad av at kjønnsbalansen kan oppretthaldast.
- Habilitet i styret. Vi må rekne med at styremedlem vil bli inhabile i nokre saker. Men ein bør unngå å nemne opp styremedlem som blir inhabile i eit stort tal saker.
- Medlemane må kunne prioritere å delta i fondsstyremøta i tilstrekkeleg grad.

## Valkomiteen sitt framlegg til samansetting av styret

Valkomiteen rår til følgjande styresamansetting;

| Namn                  | Funksjon i styret | Arbeidsstad/stilling                             | Kompetanseområde i styret               |
|-----------------------|-------------------|--|---|
| <b>Frå Rogaland</b>   |                   |  |   |
| Solveig Ege Tengesdal | Styremedlem       | Fylkesordførar                                   | Politikk                                |
| Terje Handeland       | Styremedlem       | Ipark as, administrerande direktør               | Innovasjon, entreprenørskap, omstilling |
| Marianne Chesak       | 1. vara           | Fylkesvaraordførar                               | Politikk                                |
| Kjetil M Stuland      | 2. vara           | Technology Venture AS - partner                  | Teknologi, energi, IKT                  |
| <b>Frå Hordaland</b>  |                   |  |   |
| Anne Gine Hestetun    | Styremedlem       | Fylkesordførar                                   | Politikk                                |
| Ole Hope              | Styremedlem       | Business Region Bergen, administrerande direktør | Næringsutvikling                        |

|             |         |                            |                              |
|-------------|---------|----------------------------|------------------------------|
| Pål Kårbø   | 1. vara | Fylkesvaraordførar         | Politikk                     |
| Astrid Toft | 2. vara | KS Hordaland, dagleg leiar | Innovasjon i kommunal sektor |

**Frå Sogn & Fjordane**

|                    |             |  |                    |
|--------------------|-------------|--|--------------------|
| Jenny Følling      | Styremedlem | Fylkesordførar                                       | Politikk           |
| Steinar Dvergsdal  | Styremedlem | Gardbrukar. Diverse styreverv landbruk/mat /reiseliv | Landbruk, reiseliv |
| Åshild Kjelsnes    | 1. vara     | Fylkesvaraordførar                                   | Politikk           |
| Stein Joar Hegland | 2. vara     | Høgskulen i Sogn og Fjordane, dekan/forskar          | Økologi og klima   |

**Frå Staten**

|                   |             |  |                                 |
|-------------------|-------------|--|---------------------------------|
| Anne Siri Høiland | Styremedlem | TINE Spesialprodukt, direktør  | Grøn mat                        |
| Asle Lygre        | Styremedlem | Idevekst Energi as, partner  | Energi - teknologi              |
| Ragnar Tveterås   | 1. vara     | Universitetet i Stavanger, professor/leiar senter for innovasjonsforskning | Samfunnsøkonomisk analyse       |
| Merete Lunde      | 2. vara     | Vestlandsforsking, direktør  | Forskningsleiing - mikrobiologi |

**Valkomiteen sine kommentarar**

Valkomiteen meiner at det føreslårte styret innehar kompetanse innan alle dei prioriterte områda for Regionalt forskingsfond Vestlandet.

Etter avtalen mellom fylka skal alle tre fylkesførarane vere i styret. Også denne gongen er alle dei tre fylkesførarane nye. Dette påverkar kontinuiteten i styret. Tre av dei faste medlemmene i det gamle styret fortsett i valkomiteen si innstilling; Steinar Dvergsdal, Asle Lygre og Anne Siri Høiland. Dette skulle vere tilstrekkeleg til å ta i vare kontinuitet i styret, og desse tre tek dessutan i vare viktige faglege kompetanseområde for styret sitt arbeide.

Frå Hordaland og Rogaland er det foreslått nye styremedlem, Ole Hope og Terje Handeland. Begge har brei røynsle frå arbeid med innovasjon, forsking og næringsutvikling. Dei har seinare år hatt sentrale roller i regionalt prioritert arbeide med å styrke eit kunnskapsbasert næringsliv.

Valkomiteen har foreslått fylkesvaraordførar som 1. vara frå kvart fylke. Slik ønskjer valkomiteen i forslaget best mogeleg å sikre at det er politisk representasjon på alle styremøta. 2. vara frå kvart fylke er foreslått med utgangspunkt i eit ønskje om å komplettere styret fagleg. Kjetil M Stuland har forskarutdanning innan teknologiområdet, har lang røynsle frå forskingsadministrasjon og er i dag næringsdrivande innan teknologifeltet. Stein Joar Heggland er dekan og forskar innan klimaområdet. Astrid Toft tek i vare kunnskap om kommunal sektor som dagleg leiar i KS i Hordaland.

Forslaget til vara frå Staten inkluderer Ragnar Tveterås og Merete Lunde. Begge har forskarbakgrunn, og arbeider i dag med forsking og forskningsleiing innan to institusjonar og fagfelt med stor viktigheit for Vestlandet.

Valkomiteen er merksam på at representantar for forskingsinstitutt og universitet/høgskule kan bli ugilde i handsaming av søknader som måtte komme frå slike. Valkomiteen meiner at dette let seg handtere med bruk av vanlege reglar for ugildskap, og at slike styremedlemmer vil tilføre styret naudsynt kompetanse.